



RAFTO

Prisbegrunnelse Raftoprisen 21.09.2023

Defence for Children International – Palestine: Å forsvara barns rettar

Raftoprisen 2023 går til Defence for Children International-Palestine (DCIP) for det langvarige arbeidet for å forsvere og fremje rettane til barn som lever i dei okkuperte palestinske områda (OPT).¹ I over 30 år har DCIP granska og dokumentert alvorlege menneskerettsbrot mot barn. Dei har halde israelske og palestinske styresmakter ansvarlege for universelle menneskerettsprinsipp, og kjempa for å fremje barns tilgang til rettferd og vern, både nasjonalt og internasjonalt. DCIP skapar og implementerer løysingar for å få slutt på vald mot palestinske barn, dei kjempar for barnevenlege retningsliner og praksiser, og gir rettshjelp til barn med akutt behov.

Då DCIP opna dørene i 1991, var dei ei lita gruppe frivillige. I dag er dei ein leiande palestinsk menneskerettsorganisasjon med over 40 tilsette med kontor i Ramallah, Nablus, Hebron, Aust-Jerusalem, Gaza, New York og Washington. DCIP har forplikta seg til å sikre ei rettvis og leveleg framtid for palestinske barn, og arbeider for ei verd der alle barn har rettar i samsvar med FNs barnekonvensjon og andre internasjonale standardar. DCIP er ei nasjonal avdeling av Defence for Children International (DCI). DCI er ein ikkje-statleg organisasjon som vart oppretta i 1979, og er representert i over 30 land. Samtidig er DCIP ein sjølvstendig organisasjon som samlar eigne midlar og utviklar eigne program for å møte behova i OPT.²

Frårøva barndomar: Palestinske barn under åttak

Sidan 1967 har den israelske militære okkupasjonen av Vestbreidda, inkludert Aust-Jerusalem og Gazastripa, frårøva barn sine barndomar og grunnleggjande menneskerettar. Systematiske brot på menneskerettane er ein ibuande del av denmilitære okkupasjonen, og desse brota speglar maktbalansen mellom Israel og den okkuperte palestinske befolkninga. I løpet av dei siste åra har sentrale menneskerettsorganisasjonar definert den diskriminerande israelske politikken og praksisen som "apartheid".³

Palestinske barn på den okkuperte Vestbreidda vert, på lik line med vaksne, arresterte, straffeforfølgde og fengsla i eit israelsk militært forvaringssystem som nektar dei grunnleggjande rettar. Eit døme er

¹ OPT viser til Vestbreidda, inkludert Aust-Jerusalem og Gazastripa.

² All Articles | Defense for Children Palestine (dci-palestine.org), <https://defenceforchildren.org/take-action-2/becoming-a-dci-national-section/>

³ <https://www.hrw.org/report/2021/04/27/threshold-crossed/israeli-authorities-and-crimes-apartheid-and-persecution>; <https://www.alhaq.org/advocacy/20931.html>; https://www.btselem.org/publications/fulltext/202101_this_is_apartheid/; <https://www.amnesty.org/en/latest/campaigns/2022/02/israels-system-of-apartheid/>



RAFTO

bruken av administrativ forvaring, der barn er fengsla utan rettsak, utan å begått brotsverk, men der grunngjevninga er at dei planlegg framtidige brotsverk.⁴ Sidan 1967 har Israel operert med to ulike rettssystem i det same området: Israelske busetjarar høyrer til under det sivile og strafferetslege systemet, palestinarar er plasserte under militær lov. I det okkuperte Aust-Jerusalem nyttar Israel sivil straffelov på palestinske barn. Ingen israelske barn er i kontakt med militærdomstolane. Israel er det einaste landet verda som automatisk og systematisk straffeforfølgjer barn i militære domstolar som mangler grunnleggjande rettvis rettegang og vern. Kvart år vert mellom 500 og 700 palestinske barn straffeforfølgde i militære domstolar. Sidan 2000 har israelske militære styresmakter varetektsfengla, forhøyrd, rettsforfølgd og fengsla om lag 13 000 palestinske barn.⁵

I OPT er det ofte ingen trygge område for barn, fordi flyktingleirar, heimar, skular og gater er mål for husrivingar, angrep, valdelege overfall og drap begått av det israelske militæret og israelske busetjarar. Israelsk lov dominerer i Aust-Jerusalem. I byen bur det meir enn 300 000 palestinarar som vert diskriminerte i lov og praksis i alle delar av kvardagen, frå bustad til utdanning.⁶

Sidan 2007 har Israel igongsett fem større militære offensivar på Gazastripa, ofte som uforhaldsmessige reaksjonar på rakettar frå palestinske væpna grupper. Desse angrepa har kome på toppen av ein brutal israelsk-egyptisk blokade. Menneskeretsorganisasjonar har skulda Israel forhandlingar som utgjer kollektiv straff.⁷ Gjennom dei siste 15 åra har palestinske barn på Gaza betalt ein høg pris, i dødsfall, skadar og øydelagte heimar. Det gjer dei framleis. Foreldre er ikkje i stand til å

⁴ <https://www.alhaq.org/advocacy/7311.html>

https://www.btselem.org/administrative_detention#:~:text=In%20administrative%20detention%2C%20a%20person,the%20law%20in%20the%20future.

⁵ [Number of Palestinian Children in Israeli detention | Defense for Children Palestine \(dci-palestine.org\)](https://dci-palestine.org/number-of-palestinian-children-in-israeli-detention/) and [Factsheet on Palestinian children in military detention - No Way to Treat a Child \(dci-palestine.org\)](https://dci-palestine.org/factsheet-on-palestinian-children-in-military-detention-no-way-to-treat-a-child/). Sjå også See also [Statistics on Palestinian minors in Israeli custody | B'Tselem](https://btselem.org/statistics-on-palestinian-minors-in-israeli-custody/) and [https://www.securitycouncilreport.org/atf/cf/%7B65BFCF9B-6D27-4E9C-8CD3-CF6E4FF96FF9%7D/S_2023_363.pdf#page=12 \(btselem.org\)](https://www.securitycouncilreport.org/atf/cf/%7B65BFCF9B-6D27-4E9C-8CD3-CF6E4FF96FF9%7D/S_2023_363.pdf#page=12), [Stop the War on Children: The forgotten ones | Save the Children's Resource Centre](https://www.stopthewaronchildren.org/), [Noura-Al-Mawed-Detention-Conditions-of-Palestinians-in-Israeli-Prisons.pdf \(ohchr.org\)](https://www.ohchr.org/News-and-Events/News/2023/Save-the-Childrens-Resource-Centre-Noura-Al-Mawed-Detention-Conditions-of-Palestinians-in-Israeli-Prisons.pdf)

⁶ [Certain targets in an unequal Jerusalem: Israel is taking aim at Palestinians in Jerusalem with discriminatory laws and practices. | Defense for Children Palestine \(dci-palestine.org\)](https://dci-palestine.org/certain-targets-in-an-unequal-jerusalem-israel-is-taking-aim-at-palestinians-in-jerusalem-with-discriminatory-laws-and-practices/) [East Jerusalem | B'Tselem \(btselem.org\)](https://btselem.org/humanitarian-impact-of-settlements-in-palestinian-neighbourhoods-of-east-jerusalem-the-coercive-environment/) [Humanitarian Impact of settlements in palestinian neighbourhoods of East Jerusalem: the coercive environment | United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs - occupied Palestinian territory \(ochaopt.org\)](https://ochaopt.org/israel-jerusalem-palestinians-stripped-of-status/) [Israel: Jerusalem Palestinians Stripped of Status | Human Rights Watch \(hrw.org\)](https://www.hrw.org/news/2023/01/10/israel-palestine-unlawful-israeli-airstrikes-kill-civilians)

⁷ [Israel/Palestine: Unlawful Israeli Airstrikes Kill Civilians | Human Rights Watch \(hrw.org\)](https://dci-palestine.org/israel-palestine-unlawful-israeli-airstrikes-kill-civilians/) [Israel: Gaza Airstrikes Violated Laws of War | Human Rights Watch \(hrw.org\)](https://dci-palestine.org/gaza-airstrikes-violated-laws-war-human-rights-watch-hrworg-eight-years-after-2008-2009-cast-lead-hostilities-gaza-lack-accountability-persists/) [Eight years after the 2008-2009 \(Cast Lead\) hostilities in Gaza: lack of accountability persists | United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs - occupied Palestinian territory \(ochaopt.org\)](https://dci-palestine.org/gaza-airstrikes-violated-laws-war-human-rights-watch-hrworg-eight-years-after-2008-2009-cast-lead-hostilities-gaza-lack-accountability-persists/) [Israel's collective punishment of Palestinians illegal and an affront to justice: UN expert | OHCHR](https://dci-palestine.org/israels-collective-punishment-palestinians-illegal-affront-justice-un-expert-ohchr/)



RAFTO

halde barna sine trygge. For ofte vert barn avskrivne som “utilsikta skade” (“collateral damage”). Det er lite internasjonal handling for å stilla dei ansvarlege til rettes.⁸

Israels handtering av palestinske barn kan best skildrast som å fråta dei barndomen, (“un-childing”). Israel konstruerer eit bilete av barn som farlege og radikaliserte «andre» som må begrensast og kneblast.⁹ Arbeidet til DCIP forstyrrar denne prosessen, fordi dei avdekkjer den ibuande valden,, forsvarar barn ved å krevje respekt for rettane deira og ansvarleggjer dei som krenkar rettane barna.

Å verna om barn, å halda styresmaktene ansvarlege og å kjempa for endring

DCIP gir rettshjelp til palestinske barn og representer kvart år i snitt 150 barn som er tiltalte i dei israelske militærdomstolane.¹⁰ Organisasjonen har dokumentert at palestinske barn vert nekta rettvis rettegong og dokumentert tortur og umenneskeleg behandling i israelsk forvaring.

Ifølgje kontoret til FNs spesialrepresentant for generalsekretæren for barn og væpna konfliktar (The UN office of the Special Representative of the Secretary General for Children and Armed Conflict), er Palestina/Israel blant landa der dei mest alvorlege krenkingane (“grave violations”) mot barn skjer.¹¹ I 2022 vart minst 55 barn drepne. Av desse var 54 palestinske og eitt israelsk. Ifølgje FN vart dei fleste drepne av skarp ammunisjon frå den israelske hæren. Ni palestinske barn vart utilsikta drepne av væpna palestinske grupper som opererte i tettbygde strøk på Gazastripa.¹² DCIP har dokumentert at 2281 palestinske barn har blitt drepne av israelske styrkar og busetjarar sidan 2000. DCIP arbeider med å dokumentere konsekvensar av at heimar, skular og sjukehus blir øydelagte; av alvorlege skadar frå

⁸ [Children in Gaza conflict will suffer for years to come - occupied Palestinian territory | ReliefWeb](https://www.reliefweb.int/report/world/children-gaza-conflict-will-suffer-years-come-occupied-palestinian-territory) and [Bachelet alarmed by number of Palestinian children killed in latest escalation, urges accountability | OHCHR](https://www.ohchr.org/en/countries/palestine-and-occupied-east-jerusalem/press-releases/2023/06/children-gaza-suffer-psychological-distress-rights-group); [⁹ Nadera Shalhoub-Kevorkian, *Incarcerated Childhood and the Politics of Unchilding*, Cambridge University Press, 2019.](https://www.middleeastmonitor.com/20230626-80-of-children-in-gaza-suffer-psychological-distress-rights-group/?fbclid=IwAR0QjIzapCIA72b1CBGI1rM8g_wBs0uOqIWdpBRZh7h-3mcVVC19FLVphb4palestinians</p></div><div data-bbox=)

¹⁰ [Number of Palestinian Children in Israeli detention | Defense for Children Palestine \(dci-palestine.org\)](https://dcpalestine.org/). Sjå også [Statistics on Palestinian minors in Israeli custody | B'Tselem \(btselem.org\)](https://btselem.org/)

¹¹ https://childrenandarmedconflict.un.org/wp-content/uploads/2023/06/23-00045_CAAC_AnnualReport_Summary_2022-FINAL.pdf?fbclid=IwAR0IQCGiZ7FRwuuRySAbt7r3hiKuZmeQSTFOGrUYI8_S4mX5mMb_NedGpqw

¹² https://www.securitycouncilreport.org/atf/cf/%7B65BFCF9B-6D27-4E9C-8CD3-CF6E4FF96FF9%7D/S_2023_363.pdf#page=12 <https://www.reuters.com/article/us-palestinian-israel-children-idUSBRE95J0FR20130620>. See also <https://www.savethechildren.org.uk/news/media-centre/press-releases/gaza-protests--more-than-250-children-shot-with-live-ammunition>, <https://www.msf.org/palestine-occupied-minds-children-and-live-ammunition>



RAFTO

millitærangrep, bombing og beleiring, og rettar merksemd på brot på retten til utdanning og helsehjelp under israelsk okkupasjon.¹³

Etter at Dei palestinske sjølvstyremyndighetene (Palestinian Authority, PA) vart oppretta som ein del av Oslo-avtalen i 1994, har DCIP arbeidd for å fremje rettane til palestinske barn under nominell palestinsk jurisdiksjon i Område A. DCIP har tatt opp tidleg ekteskap, kroppsleg avstraffing og vald i heimen, både i domstolar, gjennom gransking og dokumentasjon, ved å rette merksemd på desse sakene, og dessutan gjennom systematisk arbeid retta mot palestinsk samfunn. DCIP dokumenterer og arbeider for å hindre rekruttering av palestinske barn av væpna palestinske grupper.¹⁴ Dei gjeldande rettssistema på Vestbreidda og Gazastripa gir ikkje barn tilstrekkeleg vern. Kvart år forsvarar DCIP i snitt 90 born i dei palestinske styresmaktene sine domstolar. Organisasjonen arbeider også med lovreformar.¹⁵

DCIP aukar dessutan medvitet om barns rettar i palestinske samfunn, og har etablert lokale sosio-juridiske senter for å arbeida med dette. DCIP samarbeider med eit nettverk av partnarar for å fremje og forsvere barns rettar, nasjonalt og regionalt.¹⁶ På internasjonalt nivå, stolar FN-organ i stor grad på rapportar frå DCIP.

DCIP arbeider under eit ekstremt press og trugslar. I oktober 2021 utpeikte israelske styresmakter DCIP og fem andre palestinske menneskerettsorganisasjonar som terrororganisasjonar.¹⁷ I ein kontekst der rommet for det sivile samfunnet krympar, lever dei dedikerte og modige tilsette i DCIP i konstant

¹³ https://www.securitycouncilreport.org/atf/cf/%7B65BFCF9B-6D27-4E9C-8CD3-CF6E4FF96FF9%7D/S_2023_363.pdf#page=12 See also [Elementary school of Ein Samiya demolished | United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs - occupied Palestinian territory \(ochaopt.org\)](#) A whole community at risk of displacement in Masafer Yatta | [United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs - occupied Palestinian territory \(ochaopt.org\)](#) West Bank demolitions and displacement | January-March 2023 | [United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs - occupied Palestinian territory \(ochaopt.org\)](#)

¹⁴ https://www.dci-palestine.org/child_recruitment. <https://www.amnesty.org/es/wp-content/uploads/2021/06/act760012002en.pdf>

¹⁵ To døme på arbeidet til DCIP for lovreformar er (1) arbeidet deira med Barneloven, signert av PA i 2012. Denne forbyr rekruttering eller bruk av barn i millitære aksjonar eller væpna konflikt, og (2) den palestinske loven for vern om mindreåringer (The Palestine Juvenile Protection law), signert av PA i 2016, men førebels ikkje av Hamas-regjeringa på Gazastripa. https://www.dci-palestine.org/child_recruitment https://www.dci-palestine.org/juvenile_justice

¹⁶ DCIP er del av The Palestine Network for Children's Rights (PNRC), ein koalisjon av 60 samfunnsbaserte organisasjonar som alle har forplikta seg til å samarbeida for ytterlegare systemisk endring for palestinske barn. I regionen har DCIP lukaast med å få i gong dialog med The Arab League om saker knytt til barnerettar og viktigheita av å bruka *Child-Friendly Justice Manual*, ei leiane handbok om idealpraksiar ifølgje internasjonale standarder for å møta barn som har vore offer for vald, og barn som anten er fare for å hamna i konflikt med lova eller allereie er det.

¹⁷ [Israeli forces raid and seal shut DCIP office, leaving official notice declaring organization unlawful | Defense for Children Palestine \(dci-palestine.org\)](https://www.reuters.com/business/aerospace-defense/israel-designates-six-palestinian-civil-society-groups-terrorists-2021-10-22/). <https://www.reuters.com/business/aerospace-defense/israel-designates-six-palestinian-civil-society-groups-terrorists-2021-10-22/>



RAFTO

frykt. Etter utpeikinga av organisasjonen i 2021, har fleire av dei tilsette fått forbod mot å reise utanlands på grunn av arbeidet sitt. Intensjonen med å bannlyse DCIP var å diskreditere dei internasjonalt og lamme finansieringskjeldene til organisasjonen. Men ni land i EU¹⁸ presenterte ei felles erklæring som stadfestar innsatsen deira med å oppretthalde samarbeidet med DCIP og dei andre organisasjonane som vart bannlyste av israelske styresmakter.¹⁹

Ei oppmoding om å forsvara barns rettar i konfliktar

FNs barnekonvensjon vert nytta globalt som eit grunnleggjande verktøy for å verne om barn.²⁰ Barn som lever i krigs- og i konfliktområde er særleg sårbare.

I er menneskerettssituasjonen i OPT forverra. Den langvarige israelske okkupasjonen og mangelen på ein suveren palestinsk stat, gjer palestinske barn sårbar fordi dei mangler ein internasjonalt anerkjend stat som kan stå opp for rettane deira, og dei er nekta sjølvråderett. Brot på internasjonal humanitær lov og på menneskerettane, inkludert barnerettane, vil halde fram så lenge det ikkje er konsekvensar. Straffefridom for dei som begår brotsverk i ein kontekst med okkupasjon og konflikt, er eit grunnleggjande hinder for fred, rettferd og tryggleik for alle som bur i Israel og Palestina.

Israelske styresmakter har gått til målretta og øydeleggjande åttak på leiinga til DCIP, sverta formålet deira, og ransaka og øydelagd kontora deira. Likevel har DCIP blitt ståande som ein avgjerande og progressiv forkjempar for palestinske barn. DCIP er djupt respektert, både lokalt og internasjonalt, for si prinsipielle uavhengigheit, og for å ha forplikta seg til barn og for å styrke desse i meir enn tre tiår.

Raftoprisen 2023 framhevar og ærar det viktige arbeidet DCIP gjer for å verne, forsvare og dokumentere rettane til barn, og for å søkje rettferd for palestinske barn. Me oppmodar internasjonale organ og organisasjoner, inkludert FN, og alle land, til å granske brota på barns rettar i OPT og andre væpna konfliktar i heile verda, og å krevje at desse vert stoppa omgåande. Me oppmodar både israelske og palestinske styresmakter til å respektere og handheve barns rettar i samsvar med FNs barnekonvensjon og andre internasjonale verktøy.

Som okkupasjonsmakt har Israel det overordna ansvaret for å verne om palestinske barn. Me oppmodar den israelske staten til å trekke tilbake terrorstempelet og gje organisasjonen rom for å effektivt halde fram med arbeidet sitt.

¹⁸ Belgia, Danmark, Frankrike, Tyskland, Irland, Italia, Nederland, Spania og Sverige.

¹⁹ <https://www.reuters.com/world/europe/nine-eu-states-keep-backing-terrorist-palestinian-civil-society-groups-2022-07-12/>; https://www.theguardian.com/world/2022/aug/22/cia-report-israel-palestinian-rights-groups?fbclid=IwAR3W56zuQUBxR5IJV1_RYjpjEVGdW-ZJRDPU6V8zEBcUR5MQM85uR09Ursg; https://www.aljazeera.com/news/2022/7/18/us-lawmakers-denounce-blacklisting-of-palestinian-ngos-by-israel?fbclid=IwAR3Po9iTPmFuMHq2xgFvuqde7B6JEzwyPgrQtJXXzKttQy-809FZvLMN_UY

²⁰ <https://www.unicef.org.au/united-nations-convention-on-the-rights-of-the-child>